

REFERAT FRÅ MØTE I FFU

TYSDAG 21.11.2017 KL. 14.15 – 16.00

Til stades: Jens Eike Schnall (leiar), Gjert Kristoffersen, Synne Ytre Arne, Julianne Tiemann (for Sunniva P. Johansen), Erik Bjerck-Hagen og Gunnstein Akselberg.

Fråfall: Henning Laugerud og Christine Hamm

Skrivar: Anne Berit Apold

Saker:

- I. Godkjenning av innkalling – Innkallinga vart godkjent.
- II. Framlegging av referat frå møtet 26.9.2017
Det var ingen kommentarar til referatet.

20. Føringar for forskargruppene og samlingane sine årsrapportar – diskusjonssak

Saka vart drøfta, og det kom ikkje framlegg til vesentlege endringar i høve dei føringane som vart gjeve i 2016.

21. Handlingsplan for forskarutdanning ved LLE – diskusjonssak

FFU hadde ei grundig drøfting av utkastet til handlingsplan for forskarutdanning. Det var semje om at arbeidsgruppa jobbar vidare med handlingsplanen, og at oppdatert utkast til plan vert lagt fram for FFU. Sentrale innspel som arbeidsgruppa m.a. må ta omsyn til i det vidare arbeidet med handlingsplanen; sikra at det er samsvar mellom sentrale tiltak i handlingsplanen og dei tilhøva FFU har meint det er viktig å ta opp i planen (jamfør møte 28. mars), justera formuleringar kring ph.d.-kandidatane si tilknyting til forskargrupper, skilja tydlegare mellom generelle ønskjer og konkrete tiltak og justera avsnittet *Forsking og publisering*, samt skriva om innleiinga.

22. Orienteringssaker:

a) **Status for arbeidet med vurdering av søkerar til 4 stipendiatstillingar**

Komitéléiar Gjert Kristoffersen informerte om at komiteen har rangert 7 søkerar. Intervju med søkerane vert gjennomført i veke 49.

b) **Open access – Orientering frå [Universitetsbiblioteket sitt seminar 26. oktober om open tilgang til forsking.](#)**

I møtet vart det vist til den fyldige orienteringa i sakspapira.

c) **[Frihumsam 2018](#) er lyst ut: Søknadsfrist 25. april.**

Instituttet sin oppfølgingsprosess av søkerane til Frihumsam våren 2017 vart peikt på som særstak positiv, og FFU oppmodar instituttet om å gjennomføra ein liknande prosess for søkerar til Frihumsam 2018.

d) Orientering om aktiviteten i dei lokale forskarskulane

Orientering v/Erik Bjerck-Hagen og Gunnstein Akselberg

Saka vart utsett til neste møte.

e) Orientering om status for arbeidet med handlingsplan for forsking.

Eike orienterte kort om at handlingsplan for forsking er under utarbeiding.

f) Orientering om tilsetting i postdoktorstillingar

Eike informerte kort om at Åse Johnsen (IF) er setteinstituttleiar i denne saka p.g.a. at instituttleiar ved LLE er inhabil. Eike skal sjølv administrera arbeidet i vurderingskomiteen.

g) Orientering om arbeidet i mellomalderklyngja

Saka vart utsett til neste møte.

23 Ymse

27.11.2017

Anne Berit Apold, skrivar